

# Møte i ungdomsrådet

Tid: 08.04.2024 kl 1630-1800

Stad: Teams

**Brukarrepresentantar:**

Lilja Eveline Mortensdatter Steen (Hørselshemmedes Landsforbunds Ungdom), Vebjørn Leite Olsen (Mental Helse Ungdom) og Sigrid Rønneberg (Norges Handikapforbunds Ungdom) og Silje Solvang (Norges Blindeforbunds Ungdom – vara)

**Ikkje tilstades:** Casper Rønning (Norges Blindeforbunds Ungdom) og Dennis Thomassen (Landsforbundet for kombinert syns- og hørselshemmede/døvblinde)

**Frå Statped:** Kristin Fastvold (møteleiar), Stian Greger Eikeland, Trond Skarsgard Haugerud (1630-1710) og Alice Walgermo (referent)

Saksnr	Sak
	Sakslista vart godkjend.
	Faste saker
05/2024	<b>Ny opplæringslov</b>  Den nye opplæringslova trer i kraft 1.august 2024. Trond Skarsgard Haugerud frå avd. FAKU i Statped gav oss ei lita innføring i dei viktigaste endringane (sjå vedlegg 1).
06/2024	<b>Status i Statped</b>  Kristin hadde ein kort gjennomgang av status i Statped. <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Årsrapport 2023.</b> Rapporten viser høg aktivitet og gjev eit godt bilete av kva som er gjort. Rapporten fekk god tilbakemelding frå KD (sjå vedlegg 2).</li><li>• <b>Leiargruppa besøk SPSM (Specialpedagogiske skolmyndigheten) i Sverige.</b> Nyttig besøk.</li><li>• <b>Evaluering av organisasjonsmodell.</b> Evalueringa av organisasjonsmodellen er starta opp og skal vurdere om måla for omorganiseringa er nådd, og om dagens organisering støttar opp om samfunnsoppdraget på ein hensiktsmessig måte. I samsvar med mandatet skal evalueringa identifisere styrker, moglegheiter og forbetningsbehov samt leggje fram forslag til tiltak.</li><li>• <b>Samiske fagdagar i Bodø (april).</b> Innholdsrikt program. Statped har mykje fokus på korleis vi kan implementere SEAD internt. I tillegg skal vi sjå på korleis vi kan jobbe med funn frå Sannhets- og forsoningsrapporten.</li><li>• <b>Ny opplæringslov.</b> Intern opplæringspakke i Statped er under arbeid.</li><li>• <b>Elevkurs.</b> Elevkurser er evaluert, og det er utarbeidd ein evalueringsrapport (vedlegg 3).</li><li>• <b>Tettare kontakt med fylkeskommunal PPT.</b> Statped ynskjer tettare samarbeid med PPT i vidaregåande opplæring og har starta dialogen.</li><li>• <b>Erfaringsbasert master i spes.ped audio/syn v/NTNU.</b> Styringsgruppa har hatt fleire møte ila våren. Sjå vedlegg 4 for referat frå førre møte.</li></ul>
	Nye saker

Drøftingssaker	
<b>07/24</b>	<b>Brukarkonferansen 7.november 2024</b>  Programkomiteen er i gong med å planleggje brukarkonferansen 7.november og bad om innspel knytta til tema, førelesarar og metodikk.  Det kom ikkje innspel ila møtet og brukarrådsrepresentantane vart oppmoda til å gje evt. tilbakemelding til Alice på epost.
<b>08/24</b>	<b>Fullføringsreforma</b> Saka vart utsett til neste møte.
<b>09/24</b>	<b>Korleis engasjere medlemmar i eigen organisasjon?</b> Saka vart usett til neste møte.
<b>10/24</b>	<b>Digital infopakke – rekruttering brukarrådsrepresentantar Statped</b>  Arbeidsgruppa er i gong med å utarbeide ein digital informasjonspakke som eit ledd i arbeidet med å rekruttere brukarrådsrepresentantar i Statped. Alice hadde ein kjapp gjennomgong av status for arbeidet.
<b>Evt</b>	Alice sender ut møtedatoar for hausten 2024.